



Gamlekyrkja på HOLDHUS er ei av dei eldste tømmerkyrkjene som er att på Vestlandet. Den nye kyrkja på Eide, bygd i 1890, avløyste kyrkjestaden frå mellomalderen. Slik den vesle tjørebreidde kyrkja ligg i dag, i det småkuperte bakkelandskapet på Holdhus, vart ho overteken av Fortidsminneforeningen, som fekk skøyte på eigedomen i 1900 frå Hans Holdhus.

Holdhus kyrkje vert omtala i BERGENS KALVSKINN (⑤25) kring 1350, men ho er nemnd første gong i eit kyrkjeinventar frå 1306, som reknar opp «goz ok skrud kirkiunnar j Halande j Rossadale». Dette var ei stavkyrkje. Kring 1600 vart koret erstatta av eit tømra kor. Samstundes vart det bygt til eit vesttårn. I 1720-åra vart stavkyrkjeskipet rive, og det vart bygt eit nytt, tømra skip, slik at tårnfoten vart ståande inne i skipet. Her ser vi at dei har nytta materialar frå stavkyrkja (⑤2).

I 1703 opplyser rekneskapane at det vart sett opp «Pulpetur nedre i Kirchen till Ungdommen at staa paa». Under dette pulpituret, eller galleriet, stod i eldre tid døypefonten i ein innebygd stol med sprinkelverk. Veggene i skipet er truleg måla i 1720-åra. Benkevangane har innskrifter med initialane til bøndene på gardane ikring. Den gamle albertavla, ei

såkalla katekismustavle frå 1590, heng på vestveggen i koret. Preikestolen, med sine seingotiske pergamentmotiv eller foldeornament, er frå 1570 (⑤59). □

På fleire av glasrutene står det innbrent namn på prestar og bønder i Hålandsdalen. Her står det: «Agtbare Dannemand Anders Andersen Tomre Agtbare Danne Mand Anders Andersen Eje Anno 1726».



DRAGEIDKANALEN

Kanalen mellom Skogseidvatnet og Henangervatnet, DRAGEIDKANALEN, var ferdig våren 1887. Kanalen er kring 200 m lang, bygd minst tre meter brei i botnen og med 0,70 m minstedjupn. I 1912-1913 vart trekkvegen, dragebryggja, bygd høgare og lengre.

Det står i eit gammalt dokument: «Over Skogseidvand og Henangervand foregaar en forholdsvis betydelig ferdsl». Ikkje minst frakta hålandsdalingane ved og andre jordbruksvarer på denne vassvegen. På det meste gjekk det dagleg 20 båtar i kvar retning. Ferdsla følgde det vanskelege og farefulle elveløpet mellom vatna, Drageidelva. Her måtte folket setja tau i båtane og gå langs elvebreidda. Det hende at menneskeliv gjekk tapt under føringa av båtar.

Kanalen vart eit stort framsteg for omkring 70 gardsbruk. Ei tid gjekk det rutebåt på vatna og gjennom kanalen. Brua over kanalen stod ferdig i 1936 (⑤23).

HAMMARSLAND OG KIKEDALEN – to tun frå mellomalderen

HAMMARSLAND ved Gjonavatnet, midtvegs inn til KIKEDALEN har ein gammal tunskipnad. På den eine sida av gardsvegen gjennom tunet har det lege ei mellomalderstove bygd saman med eldhus og ei grindbygd skykkje, på den andre sida av veggen ei lemstove frå 1800-talet, samanbygd med ei stor stavløy. I tunet står det også eit stabbur og ei glasstove med fin rosemåling frå midten av 1800-talet.



Kulturlandskapet kring tunet på Hammarstrand gjev eit nærbilette av ressursane i naturallushaldet på ein einbølt gard i mellomalderen; med innmark, skog og fiskevatn. Ror vi vidare innover det tronge Gjonavatnet, mellom bratte fjellsider, kjem vi inn til dei saftige grasgangane i Kikedalen. Også her har det lege eit gardstun. Det viser tufter etter eit langhus og andre bygningar, som graskledde forhøgningar i landskapet.

Fram til svartedauden var Kikedalen ein gard som rådde over store beiteområde og fjellvidder med rikeleg vilt. I dag lever enno segnene om Kikedalsbonden; han hadde liggjande tre tønner med salta tunge av smale og vilt. Hausten 1349 kom pesten til gards, og seinare har det ikkje vore gardsbusetnad på øydegarden i Kikedalen.

